

ORDLISTE FOR TINNDIALEKTEN

Ordlista er eit utval av tinndølord. Mange av orda er framleis i bruk av den eldre garde i Tinn, medan andre som vart brukte i samband med arbeidsrutiner og redskap spesielt innan landbruket er lite relevante i dag. Som alltid når det gjeld å skrive ned tinndialekten på papir vil valet ein gjer alltid bli gjenstand for diskusjon om skrivemåte. Ikkje minst pga. lokale variasjonar mellom dei ulike sokna. I arbeidet med denne ordlista har arbeida til Olav Gollo, Olav Urdal og Olav Klonteig vore til stor hjelp. Nemnast må også Olav Skulerud som gjennom fleire periodar frå byrjinga av 1900-talet til han døydde i 1963, forska på tinnmålet og gav ut tre bøker om emnet. Han hadde fleire manus klar til utgjeving bl.a. ei ordliste. Skriftene hans ligg i språksamlingane på Universitetet i Oslo (blir etter vedtak tidlegare i år flutt til Universitetet i Bergen).

I tinnmålet blir lyden **ò** jamt nytta. Det er den same som ein finn i **òg** (også), ein mellomting mellom o og ø. Elles blir stor **L** nytta i ord som på standardnorsk blir skrivne med **rd** og uttalt med tjukk **l** – t.d. gard – ga**L** på dialekten vår.

Forkortingar nytta i ordlista:

adj. – adjektiv

adv. – adverb

f. – hokjønnsord (femininum)

n. – inkjekjønnsord (nøytrum)

m. – hankjønnsord (maskulinum)

prep. – preposisjon

pron. – pronomen

pl. – fleirtal (plularis)

v. – verb

s.o. – sjå også

d.s.s. – det same som

Litteraturliste

Dybdal, Ragnar (1982). *Tinn-målet - nye utviklingsdrag i gammalt mål*. I: Årbok for Telemark. S. 22-35

Gollo, Svein (1997). *Gamle ord i Tinn-målet*. Tinn Austbygd: [s.n.]. 34 bl.

Klonteig, Olav (2009). *Tinnmålet*. Porsgrunn: Norgesforl. 76 s.

Klonteig, Olav (2000). *Fjellbygder i attersyn : frå det gamle Tinn i Telemark*. – Porsgrunn: Forlaget Grenland. 240 s.

Nes, Oddvar (1994). *Ei ordsamling frå Tinn i Telemark*. [Bergen: UiB, Nordisk Institutt]. *Helsing til Lars Vassenden på 70-årsdagen*. 141-150. Om major Severin Fermann og ei liste med tinndølord nedskrive på midten av 1700-talet.

Norsk ordbok. (1966-2016). Oslo: Samlaget. 12 bind

Nynorskordboka: definisjons- og rettskrivingsordbok (2006). Oslo: Samlaget. 1478 s.

Urdal, Olav (1976). *Dialektord frå Hovin i Telemark*. [Hovin: Eget]. 34 s.

Skulerud, Olai (1913). *Ein bundel nye norske ord og ordformer*. I: Festskrift til professor Alf Torp. S. 154-180

Storm, Johan (1920). *Tinnsmaalet*. Kristiania: Dybwad. *Ordlister over lyd- og formlæren i norske bygdemaal* / udgivne ved Olai Skulerud s. 1-22

Aasen, Ivar (1997). *Maalsamlingar 1855-1861*. Bergen: Bokreidingslaget. Ordsamlingsturen til Tinn i juni 1855 blir handsama på s. 1-43 inkl. ordliste med ord også frå andre områder.

A

agaLe, adv. – av garde
aLe, v. – hyppe (i potetåkeren)
alen, f. – lengdeeing (62,4 cm)
ambar, m. – trekar
amstre, v – irttesetje, mase på
anløygd, adj.– lattermild
ansles, adv. – annleis
antras, v. – kivast, kjegle
anvòku, adj. – medvitslaus
armoslone, f. – kjensle av trøyttleik
attgløyme, f. – ugift, eldre kvinne
attkeik, adj. – bøygd bakover
attre (se), v. – trekkje seg frå avtale
attreku, f. – vind kasta mellom dalsidene
aule, adj. – audsleg, trist
aumle, adj – ufin
aur, m. – mager og steinfull jord
avætele, adj. – storskrytande

B

bagle, v. – streve med, fomle
baggele, adj. – plundrute, vanskeleg å få til
bakmeis, m. – vidjekorg til å ha på ryggen
bakstdeie, f. – ei som bakar
baksølt, adj. – med lite sol
bal, n. – mas, strev
barme (se), v. – klage over
basstògu, f. – lite turkehus for korn, i seinare tid brukt til å røykje kjøt og fisk
bastebjølle el. **bastekølle** f. – ringle (leike laga av bastestrimlar)
bastyre, v. – halde leven

bauke, v. – truge seg fram, t.d. om båt i motvind
beinke, f. – hjelp, velgjerning
beit, m. – knipe
beite, f. – stund, bel
berkje, v. – ta borken av
berrleist, adj. – utan ski og stavar i snøen
beru, f. – binne
bessne, v. – bli betre
bie-tol, adj. – tålmodig
bikse, v. – slå, banke
birhane, m – vasskran
birin, adj. – byrg, keik, stolt
bisk, m. – morgonmat
bisne, v. – fundere
bjønneværju, f. – stokk med innlagt kniv til å verge seg mot bjørn
blakre, v. – skake, riste
bledre, v.. – fjase, tullprate
blekkje, f. – stort lauv eller reiskap som liknar (t.d. til å vende lefsa med)
blinding, m. – insekt, noko mindre enn klegg
blòku, f – flik, lapp
blæme, f. – blemme
blæng, m. – sterk syrna mjølk
bløyje, v. – kløyve med bløyg
bløå, v. – velje, plukke ut
blågå, v. – blafre
bòku, f. – fleskeside
bòs, s. – sengehalm
bòsule, adj. – uroleg
brok, f. – bukse
bronbukk, m. – ver eller geitebukk i brunst
bròt, adj – høystade
bròte, m. – søppel, rask

brugde, f. – ryggstø, stolrygg
bråne, v. – smelte
bue, v. – fise
bug, m. – bøyg på tre el grein, emne til sledemeia o.a.
buhågå, v. – reise heim frå staulen
bukå, v. – grave i jorda, bøyege seg
bule, adj. – ureinsleg
buve, m. – ulv
buvill, adj. – på villspor
byL, f. – bør, tyngsle
byle, f. – lite lagerrom (t.d.til mjøl)
bæmle, v. – drikke fort og mykje
bærtasse, m. – grasbjørn (et ikkje kjøt)
bøkår, m. – ver, saubukk
bøljå, v. – raute kraftig
bønje, f. – stor, tjukkfallen kyr
båle, v. – streve, slite
bålele, adj. – strevsamt
bånejøle, f. – barnevakt

D

daglaus, adj. – som tida er ute for (t.d. svangerskap)
dalkele, adj. – lite fin(t)
danan, pron. – den (der) hokjønn, hankjønn
dauvle adj. – keisamt, langdrugt
dasan, pron. – dei (der)
datan, pron. – det (der) inkjekjønn
de, pron. – deg
dikkan, pron. – dykk (dere)
dikkans, pron. – dykkar (deres)
dipil, m. – vasspytt
dòguL, m. – mat midt på dagen, lunsj
dombe, f. – støv
dòven, adj. – lat, svevnug
dròg, n. – drag, (t. d. etter hesten)
dromlute, adj. – flekkute
dryftetròg, n. –traug med sil (for å reinske korn)
drågås, v. – slåst, måle krefter
dussemang, adj. – nedfor, lei seg
dynn, f. – dør (**dynne**, **dynna**, **dynnan**)
dyttele, adj. – stad med lite utsikt og sol
dæ, pron. – det
dænæn, pron. – denne (her) ho- og hankjønn

dæsæn, pron. – desse (her)
dætæn, pron. – dette (her) inkjekjønn
dønje, f. – søppel plass
dågås, v. – lysne (om morgonen)
dåmle, adj. – forseggjort, fin

E

e, pron. – eg
einbending, m. – einebarn
einbølt, adj. – om gard som ligg for seg sjølv
einmæle, n. – avsides stad
einstape, m. – bregne
eintråle, adj. –einsformig
eise, f. – open ildstad
eismal, adv. – aleine
eitil, m. – kjertel i kjøt el flesk
elevæ, n. – bygever
ellgåmål, adj. – svært gamal (s.o. hønngåmål)
elling, m. – kvalme, surt oppstøyt
esle, v. – tiltenkje
etterakst, m. – finraking (etter høykøyering)
ettesitin, adj. – pågåande, vil ha tak i noko
evle, v. – makte, greie

F

fabro, m. – onkel (bror til far)
faLe, m. – snerk (på oppkoka mjølk ved avkjøling)
farabel, m. – rykte
fasyste, f. – tante (syster til far)
fausk, m. – rote trevyrke
fe, prep. – for
fele, v. – mangle
feri, prep. – føre, framfor
fetròug, adj. – tiltakslaus
fijin, adj. – kry, oppspelt
fissle, v. – sladre
fiti, – hudsko (pl.)
fivilròkk, m. – myrull
fjasle, v. – lunte, gå smått
fjask, m. – narr, tøysekopp
fjegg, m. – kjærast

fli, v. – gje, sende
flikre, v. – kjæle med, kose med
flikremonan – kveitebrødsdagane
flipe, f. – fløyte
fløgu, f. – flue
fløgvit, n. – ein som har mange gode idear, mange ballar i lufta
flondrin, adj. – klønute, fomlute
flor, m. – renna bak kyrne i fjøset
flòt, n. – feitt
flott, f. – slette (på fjellet)
fluge, v. – springe
fløyt, m. – del, stykke (av åker og eng)
flåkre, v. – småslåss
føllaug, n. – føderåd, kost og losji i levetid
forøvin, adj. – sjenert
forvønin, adj. – fordringsfull
fòtukòlle, f. – surrehovud (kvinne)
fòtule, adj. – klossut, senil
framslenje, f. – tenåringsjente
framsloppin, adj. – blitt vaksin, er blitt konfirmert
framtøk, adj. – tiltaksam, dugande
frøms, f. – kyr (etter fyrste kalven)
frøstall, adj. – ha lett for å fryse
fræk, adj. – stram, sterk (om lukt)
fræmmin, adj. – framand
fuggele, adj. – innpakka i klede
fyje, n. – kjærastpar
fysin, adj. – ivrig, lysten
fysstones, adv. – i byrjinga
fæssel, n. – bandasje, plaster
fæLefus, adv. – hug til å reise
fønå, m. – sau, småfe
fønåfall, n. – saueslakt
fåtå, v. – gripe, ta tak
fåvitug, adj. – sinnsjuk

G

gag, adj. – bakoverbøygde
gampele, adj. – stor, tung
gande, m. – lang, tunn person
gastele, adj. – bråkute, brautete
gaume, v. – merke, bli merksam på
gauve, m. – rik person
glamse, v. – vera uvyrden, rote det til
glime, v. – glitre av sterkt solskin

glomsk, adj. – stygg, skummel
glòp, n. – opning, hol
glyjjele, adj. – skummelt, fælt
glytte, v. – sjå, kikke, kaste blikk på
glæ, adj. – tunn (om suppe, o.a.)
gløyp, m. – sup
glå, v. – gå ned (om sol)
glåmele, adj. – med store augu
glår, m. – klaring (i uttrykket **på glåren** – sikt langt fram)
glåtå, v. – sjå bort
gnæse, adj. – kaldt
gofa, m. – bestefar
gofjøtt, m. – dumsnill person
gøggel, f. – grågå
gøggelreip, f. gåsetrekk (i plogform)
gògn, f. – reiskap, innretning
gomo el, gome, f. – bestemor
gomlaus, adj. – gløymssam
gomrøyte, f. – sår i tannkjøtet
gòtu, f. – veg (med gjerde på begge sider)
gradde, f. – potetlompe
griggas, v. – trege etter, ha lyst på
grind, f. – hylle (open)
griug, adj. – tidleg oppe om morgonen
gron, n. – brødmatt
grusele, adj. – fælsleg
grutelòg, m. – vatn koka på kaffegrut
grutt, m. – opning
gruvle, v. – tenkje, gruble
gruvsin, adj. – grov i andletet
grylint, adj. – surt og kaldt (om ver)
gryrin, adj. – bister, ikkje på lag
gryvlin, adj. – ujamn, ru
græse, adj. – surt (med kald vind)
gråpå, v. – danne klumpar
gråså, v. – slå gras i utmarka
gulknapp, m. – kvæ (på grantre)
gus, m. – kald vind
guve, v. – slappe av
gvandags, adj. – i kvardagen
gvarv, m. – stokk (i tømmerhus)
gvass, adj. – skarp (t.d. kniv og i overført tyding)
gvervil, m. – nyslege gras etter ljåen
gvessing, m. – lettvin, flink person
gvymå (på), v. – stresse
gvæve, v. – velte, kvelve

gvøtå, v. – lee seg seint framover
gàngesperre, f. – stølheit
gåppele, adj. – toskute
gå åt, v. – bli merksam på

H

hag, adj. – dugande, hendig
haje, m. – hage (pl. **hågå**)
hallgøt, f. – sludd
haLmjelt, adj. – tung å mjølke
harpensere, v. – fare stygt åt, herje med
hattefòku, f. – klammeri (i uttrykket
kåmå i hattefòko med – krangle med)
haus, m. – skalle
hav, n. – håndtak (på bytte, og liknande.)
hefte, v. – bli forsinka
hegne, f. – inngjerding (del av eng)
heljolo, f. – sanseløyse i **heljolo** – i
villska
herjule, adj. – veldig, ofseleg
hespil, m. – garnkveil
hevd, f. – gjødsel, jordforbetring
hinse, v. – bruke tid
hirin, adj. – slapp, døsig
hit, f. – sekk (oftast av sauskinn til mjøl)
hòdde, m. – håndtak (frå eine side av
gryta til andre)
hòffe, pron. – kvifor
hòkken, pron. – kven
hòllstein, m. – hjørnestein (under hus)
hòlug, adj. – sterk, uthaldande
homre, v. – knegge (om hest når han
t.d. er svolten)
hòmul, m. – liten rund stein (i åker)
hone, f. – unggeit (om lag eit år gamal)
hònngåmål, adj. – svært gamal (s.o.
ellgåsmål]
hòrre, pron. – kor
hòrv, f. – harv
hòrvele, adj. – ordentleg, skikkeleg
hòslein, pron. – korleis
hote, v. – slumpe (ved t.d. matlaging)
hòtte, pron. – kva
hòvdejole, f. – hovudpute
hovele, v. – stanse, vente
hòvrell, m. – kuband (av tre)
hugbit, n. – oppstøyt, kvalmeanfall
hurklut, adj. – ujamn og isute

hurule, adj. – surt, kaldt (om ver)
hyfse, v. – danse, hoppe opp og ned
hy el hydde, v. – lage ljå
hynne, n. – hjørne
hytå, v. – varme opp
hyv, m. – i uttrykket ta **hyven** – leggje på
sprang
hyvre, n. – del av hestesele
hækjin, adj. – grisk
hølning, m. – halvpart
hørjul, m. – flokk (uttr. heile **hørjulen**)
hørme, v. – etterape, imitere
håлке, f. – isføre
håmar, m. – hammer
håmårsbot, f. – knesbot (på baksida av
kneet)
håndhivil, m. – handtak
håndrekkje, f. – gelender
håndtronk, m. – koffert
hånk, f. – handtak (t.d. kopp)
hånkele, adj. – tunn, mager
håpå, v. – rygge, gå baklengs
hårfaren, adj. – nærtakande, bli lett
fornærma
håråmynt, adj. – som har hareskar

I

ies, v. – gidde, orke
ieslaus, adj. – tiltakslaus, giddelaus
ikønn, n. – ekorn
ilkje, m. – fotsole
inan, pron. – einannan, kvarandre
innonde, prep. – innunder
ire, v. – angre
iug, adj. – ivrig
ivi, prep. – over

J

jamsis, prep. – ved sida av
jase, m. – hare (pl. **jåså**)
jellsau, m. – sau utan lam eit år (jmf.
jellkyr)
jemeinskle, adj. – omgjengeleg, grei (om
person)
jidde, v. – stå ustøtt, svaie, balansere
jidre, v. – riste, dirre
jisin, adj. – utett, lekk

jisteri, n. – å vera gjest
jonje, m. – bordkniv
jòrule, adj. – masute, uroleg
jòs, f. – perleugle
joske, f. – lysning, lysglimt
jot, adj. – lite fin (om person)
jysele, adj. – voldsomt
jtler, m. – altmoglegmann
jyve, v. – føykje, støve
jæL, f. – måte, vis, skikk
jællaus, adj. – veldig
jæm, m. – lukt
jætoL, n. – ry, gjetord
jømmer, m. – ungsøye
jønn, n. – jern
jønne, adv. – gjerne
jõtå, v. – gjette
jøv, m. – støv
jøyse, v. – sprute, strøyme fram

K

kaLe, v. – karde, rive ull (til spinning)
kall, m. – stort, ofte gamalt tre
kalvedans, m. – pålegg, råmjølkspudding
kan, pron. – oss
kans, pron. – vår, vårt, våre
kardus, m. – tobakk
kasjette, f. – luve
kaun, m. – verk, byll
kave, m. – snor og vind (pl. **kåvå**)
kjajen, adj. – sliten
kjeik, adj. – stå bakoverbøygde
kjembe, v. – rake
kjink, m. – lett lumbago
kjinge, f. – jerntvinge
kjæse, f. – væske for å få osten til å breste
kjytå, v. – kile
kjøn, adj. – keik, stolt, staseleg
kjåke, v. – mase
kjåkele, adj. – masete
kjåkábein, n. – kjevebein
kleie, v. – klø
kleis, m. – talemåte med skarring
kleve, m. – lite rom i gamle hus
klobrok, f. – underbukse
kløpp, f. – lita bru

klot, m. – bolle laga av poteter ofte med ein flesk- eller kurvebit i
klæsråde, f. – klesnor
klænning, m. – dress; bordkledning
kløkt, adj. – for lite utvokse (om gras)
klømstre, n. – ulendt, tettvokse terreng
klåfinga, adj. – som fingrar (og jamt øydelegg)
klåtre, f. – hornbeskyttar på kyr
knitule, adj. – knipen, gjerug
knosk, s. – brennevyrke til opptenning
knørtin, adj. – liten, snerten, lett å handtere
knøsjå, v. – smuldre
knòu, f. – deig
kofsesvøll, m. – issvull
kòku, f. – pannekake
kommers, m. – leven og ståhei
konne, v. – kunne
kopele, adj. – med liten utsikt
korr, adj. – taus, stille
kortel, n. – kvarter (om tid)
kòvo, f. – tilstopping, vrange (t.d. få i kòvo, setje fast i halsen, svæje i vrånga)
kraune, v. – klage, syte
krel, m. – mage, buk
kretur, n. – husdyr
krimsjuk, adj. – forkjøla
krinjil, m. – edderkopp
kronglin, adj. – vanskeleg (å ta seg fram i terrenget)
krótu, f. – talgrestar, feittavfall
kruklin, adj. – dårleg til beins
kruslin, adj. – svakhelsa
krylle, v. – gå krokute
krylt, adj. – krokrygga
krysjo, f. – kinkig situasjon
kræsele, adj. – motbydeleg
kråm, n. – daglegvare
kråvå, v. – fryse til is
kulkele, adj. – vrangt
kupe, f. – matkopp til dyr
kvartel, f. – ei fjerdedels tønne
kvellsvæv, m. – løvetann
kvæmpe, adj. – varmt og innestengt
kvie, v. – prøve å unngå
kå, v. – snu høyet med rive
kåmår, m. – utedo
kåpår, m. – kopar

L

laupe, v. – vera i brunst
lausgom, m. – gebiss
lausmjelt, adj. – lett å mjølke
lefsetøyr, m. – mildver før jul
leikanband, n., – kuband av tre
leisletam, adj. – som er lett å ha i band (om husdyr)
lele, adj. – godt tilrettelagt
lepe, m. – leppe (pl. **løpå**)
lerk, m. – lite rom i kiste
lesle, adj. – lettvint, greitt
lile, adj. – sympatisk, likandes
lit, m. – farge
livjul, n. – belte
livverhøgg, n. – hald (i sida)
løje, m. – ildflamme (pl. **lågå**)
løku, f. – stengsle
lomin, adj. – uopplagt
lomsk, adj. – sint
lossemang, n. – losji
lovere, v. – gå (og undre seg)
love, m. – handflate (i **lovin** – i handa)
luv, adj. – skamfull
lytå, v. – farge (tøy)
læ, v. – le
lækje, f. – vassrenne av tre, vatnhol
løgle, adj. – komisk
løjin, adj. – lattermild
lø, v. – stable ved
løå, v. – lee, røre på seg
lång-gofa, m. – oldefar
lång-gomo, f. – oldemor

M

makkesmøg, n. – gang etter makk i treverk
mangletre, n. – fjøl med handtak for å slette tøy
marisup, m. – tår med nysila mjølk
maroder, adj. – sjuk
mat-tiug, adj. – ha god matlyst
mauskre, v. – ete seint og omstendeleg
me, pron. - vi *og* pron. - meg
mekele, adj. – tunn, mager
metting, m. – gjødselhaug
migre, v. – gjera dårleg arbeid

minnug, adj. – ha godt minne
mjellin, adj. – lett og tørr (om snø)
mjørm, f. – hofte (pl. **mjøirmi**)
mòle, m. – bit, stykke (pl. (sukker)**målå**)
mòrr, f. – kjøtdeig
mòrule, adj. – uroleg, masute
mobro, m. – onkel (bror til mor)
mosyste, f. – tante (systema til mor)
murå, v. – murre, kleie
mæ, prep. – med
mætar, adj. – betre
møljå, v. – smuldre
mångelein, adv. – kanskje, mogleg
mångslonjin, adj. – variert, samansett
måtå te, v. – fordele
måtru, – kanskje, må vite (tilleggsord til liks med: ikkje sant)

N

nare, m. – sur, vedvarande vindtrekk
nale, adv. – voldsomt, veldig
nauve, v. – vante, mangle
nebbenose, f. – kvinne som vil vera fin på det
neber, m. – nedbør, regn el. snø
nekju, n. – feittlag på innvollar
nikule, adj. – sparsam, gjerug
no, v. – bøye t.d. hesteskosauken inn til hoven når ein skodde hesten
nòkle, pron. – nokre
noLafe, adj. – nordanfor
nomin, adj. – trøytt
nøttvæL, m. – kveldsmat, nattverd
nudd, m. – småspiker
nupetønn, f. – nypetorn (plante)
nurke, v. – sutre
nifikjin, adj. – nysgjerrig
nykle, n. – garnnøste
nyt, adj. – mjuk, spretten
nyve, v. – det gjer hesten når han er vond
næm, adj. – ha lett for det
nøre, v. – tenne eld
nøreved, m. – flis til opptenning
nøyte (se), v. – skunde på, forte seg
nòånok, m. – født i ne (minkande måne)
nåråvind, m. – vind (jmf. nare)

nåsåtøyr, m. – renning av snørr frå nasen

nåvår, m. – (tre)bor

O

ògløyte, f. – augneløyte, klaring

oke, v. – krabbe, ake seg fram

òkle, f. – ankel (pl. **òklo**)

òldrug, adj. – tilårskomen

olepinne, m. – trepinne gjennom hol i ora (jarnlykkje)

òlle, f. – oppkome, vassåre

omfårås, v. – gå forbi kvarandre utan å merke det

ompie, v. – legge merke til

omsons, adj. – om kvarandre, uryddig

ondamon, n. – forsprang

onde, prep. – under

ondele, adj. – underleg

ondån, m. – middag

ònnug, adj. – flittig, travel

òrv, n. – ljåskaft

oto, prep. – ut av

òtule, adj. – grisk, havesjuk

ovin, adj. – utett

P

pajele, v. – dra av garde

pank, m. – proviant, turmat

pingse, v. – erte, plage

pirin, adj. – småirritert

pist, m. – peis

plondre, v. – fumle med noko

plønå, v. – planere, jamne til

plågå, v. – pla, ha for vane

plåsse, v. – pusle med

potte, m. – geitebukk

preine, v. – erte

prette, v. – erte, narre, pirke i

prone, f. – fregne

protte, v. – gje lyd for å stoppe hesten

pypår, n. – pepar

pæte, m. – liten fisk

pølå, v. – plukke

pørtin, adj. – småsint

påk, m. – kjepp, stokk

påtre, v. – skravle, småprate

R

rabb, m. – skrinn liten høgde

rabbe, v. – prate

rafse, v. – slurve (med arbeid)

rangle, v. – gå, spasere

rante, m. – lite høgdedrag i fjellet

ratt, adj. – straks

rauke, v. – setje opp kornband

re, n. – tilbygg på staulsbuer

reku, f. – spade, skuffe

rekubøle, n. – gard til nedfalls og tilgrodd

rift, f. – etterspørsel

rinje, f. – bytte

ripil, m. – grann staur (av tettvakse tre)

riple, v. – rote til, lage uorden

risbitt, m. – geitebukk, eit år gamal

risgal, m. – gjerde

risle, f. – småbusk

rispe, f. – skrøne, lystig historie

risnute, m. – utvekst på gamle bjørketre

rivøygd, adj. – med oppsperra auge

ro, f. – krå, hjørne (pl. **røa**)

rødde, v. – sladre

røddekølle, f. – sladrekjerring

ròlt, adj. – døsig, doven

rondele, adj. – rikeleg

ròlve, v. – vrøvle

rondil, m. – rund treask til småsaker

ronnjule, v. – skambanke

roste, m. – suppe av malt og briskeløg (ved brygging av øl)

rostekjer, n. – bryggekar

rovedrag, n. – haleheng

rukkute, adj. – rynkute

rultin, adj. – stor, brei

rupesekk, m. – ryggsekk

ruple, v. – røre, flytte (saker og ting)

ruve, f. – haug, stabel (t.d. brauruve)

ruvin, adj. – buskute, lurvute

ryjele, adj. – fælt, motbydeleg

ryltin, adj. – ustø, vaklevoren

rynkeluve, f. – hovudplagg (til småbarn)

ryr, adj. – udrug, stuttvarig

rysjekrok, m. – krok til å dra ut høyet frå høystaen

ryte, v. – snorke

ræm, n. – skrik, hyl
rænnekniv, m. – reiskap til å skilje fløyte frå mjølk (før separatoren kom i bruk)
rænnemjølkk, f. – syrna mjølk
rænnesjei, f. – tilsprang, rennafart
ræpe, f. – søle, gjørme
røkte, v. – rape
rømjå, v. – skrike
rørin, adj. – som pratar usamanhengande
røug, adj. – rask, frisk (også: pratsam)
røytevæ, n. – ustadig ver med dårleg høyturk
røyve, v. – ruske opp (i sengehalm o.l.)
røå, v. – rydde
råkå, v. – rake
råm, adj. – hes, forkjøla
råslag, n. – slakteavfall
råte, f. – tunn trestokk
råtegal, m. – gjerde (av råter)

S

samre, adj. – samstundes
san, pron. – d.s.s. *dasan*, dei (der)
se, pron. – seg
sea, adv. – sidan
sænn, pron. – desse
ser, adj. – for seg, særskild
sess, m. – sete, plass
sinder, m. – avfall av jern som er arbeidd i smie
sine, v. – slutte å gje mjølk (før kalving)
sirisse, m. – grashoppetype
sjaber, adj. – skral, småsjuk
sjav, m. – mannen i huset, **sjaven**
sjekre, m. – utkant, hjørne
sjove, f. – kona i huset, **sjova**
sjavsole, adj. – unødvendig
sjebbin, adj. – småsinna
sjefte, v. – setje skaft på t.d. øks
sjeise, f. – (mat)hug, lyst
sjeltil, n. – lite tilbygg på gamle stover
sjeppe, f. – hulmål (ei sjeppe er om lag 17,5 liter 1/8 tønne)
sjærpekvell, m. – skjærtorsdagskveld, ungdom fór rundt på gardane og held leven

sjerr, adj. – redd (om husdyr)
sjeru, f. – liten ljå til å skjera korn med
sjikke, v. – sende, rekke
sjinnvænje, f. – flaggermus
sjivu, f. – bord (til å feste på vegg når det ikkje er i bruk)
sjot, adj. – rask, svint
sjykju, f. – krypinn, enkel bu av plank
sjylå, v. – tyde, greie å lese
sjynå, v. – springe (om dyr som blir plaga av insekt)
sjypå, v. – fordele over tid, spare
sjyre, v. – støyte frå seg (om vatn)
sjør, , n. – surmjølk
sjågå, v. – sjangle, gå ustøtt
sjåsjinn, n. – tunt gjennomsiiktig skinn (før glasrutene var i bruk)
sjåsle, adj. – jålete
sjåværskle, adj. – med god utsikt
skabjønn, m. – bjørn som et kjøt
skagg, m. – rest av gras eller høyr
skale, adj. – synd, leitt
sjære, m. – saks
skoføt, m. – skotøy
skòkle, f. – drag for plog
skòlkute, adj. – ustadig (om ver),
skònk, f. – lårbein
skòtre, v. – glytte, kikke
skòtu, f. – stengsle (t.d. på ei dør)
skove, f. – skorpe (t.d. i botnen av gryta)
skrepp, n. – kyt, skryt
skreppe, f. – ryggsekk (som regel av lær)
skreppe, v. – falle saman, minke
skrimle, n. – halvmørke (om kvelden), tussmørke
skrompebjølle, f. – stor bjølle med god lyd
skròlles, v. – synest, sjå ut som
skròv, n. – mageskruv, n. – øvste del av skap
skry, n. – slim ein hostar opp
skulke, v. – oververa bryllup i kyrkja
skurve, f. – sårskorpe
skusle, m. – skyttel (i veving)
skvank, m. – rest (av flytande vare)
skvap, n. – blaut masse, tunn velling
skåká, v. – riste
skåle, f. – gang, bislag i uthus

slabenk, m. – benk (med lokk) som ein kan sitje på og bruke som seng
sli, adj. – grådig
slinde, v. – ta (noko av) borken av (t.d. vedkubbar for tørking)
slitule, adj. – tungt, slitsomt (om arbeid)
sløk, n. – vassrenne
slomsin, adj. – rotute, vørdlaus (om person)
slongsin, adj. – lite fin
sløype, f. – tømmerveg for hest (stokkar vart lagt på tvers på flatmark og i motbakkar for at lasset skulle gli lettare)
smykå (på), v. – kline på, struke på
smyly, n. – smyle (gras over tregrensa)
småå, v. – halde leven, leike
snak, adj. – skurkaktig, langfingra
snat, adv. – snart
sneddin, adj. – liten, nett
snele, adj. – lett, handterleg (om reiskap)
snerre, f. – kort, kald periode
snikke, v. – skulde, klage på
snim, adj. – tidleg haustbere (kyr)
snoge, v. – snø
snor, m. – snø
snørk, m. – glødande trepinne til å tenne pipa med
snørrykkje, f. – knute på tråden
snøru, f. – snare
snugg, m. – i uttrykket **i snuggen** – i farta
snæv, m. – forkjøling (kortvarig)
snåk, m. – orm, snok
snål, adj. – grei, morosam
solein, adv. – slik
sòltin, adj. – svolten
solrøv, m. – ein som sovnar i solveggen
sondle, v. – bli svimrug
sòt, m. – flate (i åsar), **Saten** er namn fleire stader i Tinn
sottin, m. – ved (rå og tung)
spak, adj. – lite redd, tam (om husdyr)
spele, adj. – ergeleg, sørgjeleg
speltaug, n. – hestebås i stallen
spitu, f. – kile til å setje fast ljåen i orvet
spraute, m. – netting framme på spissleden til å fange opp snøsprut
spreisin, adj. – lettbeint, rørleg

sprons, m. – lokk i øltønne
sprøyte, v. – spreie gras utover når det ligg på bakken til tørk
spytå, v. – smalne, gjere smalare i ein ende
starve, v. – stelle husdyr
staup, n. – lite søkk
staupute, adj. – ujamn, humpute
stebbe, adj. – tjukt, seigt (om brau)
stette, v. – hjelpe, imøtekome
stijil, m. – stige (pl. **stigla**)
stòpul, m. – jarnbolt
stòrr, m. – type gras som veks i myrar og vatn
strang, m. – grann trestaur
strisk, adj. – nøye, pirkeleg
stubslede, m. – tømmerlede for hest
stuvin, adj. – tverr, uhøveleg
sty, m. – dansemoro, fest
ståke, v. – drive på
ståpåle, adj. – vrangt, tregt
stårålass, n. – høyllass
ståvå, v. – stave
subbele, adj. – ureinsleg
suvvel, n. – smør, kjøt, flesk (feit mat)
svig, n. – grann stang til å halde høylasset på plass (ofte fleire)
svipu, f. – mjuk kvist
svivar, m. – romegraut
svòlk, m. – kjepp
svòlu, f. – svale
svypå, v. – likne på
svå, v. – miste hår, ull, o.l.
sykkjå, v. – sitje (*sit, sat, siti*)
syje, f. – sølje
synådrått, m. – krampe (i lår eller legg)
sæling, m. – stakkar
sæn, pron. – d.s.s. *dæsæn*, desse (her)
søyve, f. – vassfull og blaut stad
såm, adj. – uklar
såmår, m. – sommer
såte, f. – haug med høy

T

talle, m. – hardpakka gjødsel i saustall
tame, m. – dugleik
tan, pron. – d.s.s. *datan*, det (der)
tangle, adv. – kjekt å ha

tantre, v. – småskjenne
tarvele, adj. – ustelt, ussel
taug, adj. – treg
taug, n. – reip, taum
teist, m. – tømmerlep på vatn
teksle, – reiskap (ved laging av trøg)
tele, m. – frosen bakke
termil, m. – tøyfille
tikse, v. – lokke (på sauer)
tiuflekk, m. – ope felt i snøen
tiug, adj. – alkoholpåvirka, full
tjyru, f. – tjøre, tjære
tole, v. – våge
tomle, v. – tulle
trauig, adj. – lite lysten på, nølande
trev, n. – annan etasje
trispøna, adj. – kyr med tre spener
trøkle, v. – sy
tronkele, adj. – ugreitt, vanskeleg
trote, v. – minke
trutin, adj. – opphovna
træe, n. – innhegning
trøgå, v. – angre
trøysle, adj. – kjedeleg, leitt
trå, v. – lengte (t.d. kyr som vil heim frå staulen)
tukke, v. – flytte (på seg)
туру, f. – rørepinne
turvele, adj. – bustute
tusil, m. – pus
tvagle, v. – vimse, gå i vegen
tvisjylå, v. – sjå dobbelt
tvøgu, f. – gryteskrubb laga av gåsefit
tvøgule, adj. – alt går på tverke
två, v. – reingjere
tvågå, v. – gå i vegen for ein
tægle, adj. – sosial, lett å omgåast
tæn, pron. – d.s.s. *dætæn*, dette (her)
tæpe, v. – røre lett ved
tærle, adj. – tungvint
tæse, f. – enkel lærsko
tøkjele, adj. – flink, nyttig
tøvre, v. – vente, bie
tå, prep. – av
tåmes, v. – dimmast, få dårlegare syn

U

ufjampele, adj. – stort og uhandterleg

ugoskle, adj. – vemmeleg, utriveleg
uhørvele, adj. – voldsom
ulile, adj. – usympatisk
ulone, n. – ulag, dårleg stemning
umissan, adj. – unik, umisteleg
umonle, adj. – usympatisk, lite tiltalande
umåkå (se), v. – halde på
umåtele, adv. – veldig
unå, n. – kryp, insekt
unyt, adj. – stiv, støl
unøytele, adj. – ufyseleg
urvin, adj. – uvel, ikkje i form
usjir, adj. – uklar
usjøyte, f. – uvyrden person
usjåle, adj. – ufin
utepass, adj. – vera ille til mote
uveggele, adj. – ulikeleg stort
uvle, m. – handledd
uvyLin, adj. – uforsiktig, dumdristug
uvytå, v. – besvime
uvæl, adj. – ikkje i form

V

va, n. – grunt og breitt parti i elv
vabbe, v. – gå seint
vaggele, adj. – ustø
vakrug, adj. – vaken
vaLe, m. – varde, oppmura stein for å vise veg
valen, adj. – kald på hendene
vandin, adj. – kresen (om mat)
vandle, v. – lage høydottar
vanloe, v. – vanrøkte, stelle klent med (t.d. garden)
vassfis, m. – person utan fiskelukke
vegnarsjil, n. – vegkryss
verkje, n. – emne
vesole, adj. – stakkarsleg
vessfyring, m. – ein frå Vestfjorddalen
vet, m. – vinter
vetnett – 14. oktober
vetterbraute, n. – Mjølkevegen
viblute, adj. – klønete, tullute
vifòrug, adj. – reisevan
vijuspennil, m. – vidjering til å feste band i
vimpele, adj. – toskute

vimre, v. – gå i villska
vøse, f. – haug av fløtningstømmer
vrantin, adj. – tverr, vanskeleg
vreist, m. – brems (på hesteledemeiane utoverbakke)
vreit, f. – grøft til drenering
vriule, adj. – vranget, vanskeleg
vyle, v. – bry seg (som regel i nekting t.d. *e vyl ikkje* – eg bryr meg ikkje)
vyljå, v. – ville
vytå, v. – vite
vøe, f. – spor etter dyr (pl. **vøu**)
vønin, adj. – fordringsfull
vørå, v. – vera (*æ, va, vóre*)
våg, f. – lang trestokk til å bikke opp t.d. store steinar
våg, m. – puss, materie frå sår
våhøft, adj. – usikkert
våmmål, m. – vadmél
vångar, m. – rund trekopp
vårknipe, f. – lite for til dyra på våren
våråstyr, n. – reserve (i uttr. **på**
våråstyre – i bakhand
våsse, v. – gå (over elva)

Y

ydde, v. – spire
yfse, n. – takskjegg
ylle, v. laga ulltøy (nuppute)
ymse, v. – nemne (i forbifarten)
yrve, v. – tullprate, skryte
ystil, m. – nyysta ost med fløte

Æ

ækre, f. – jorde, åker
æse, v. – gjære
æmin, adj. – med lite smak
ændete, adj. – noko enkel (om person)
ærvedrykkju, f. – samkome ved fordeling av arv

Ø

øjele, adj. – frykteleg
øksle, v. – fomere seg, fornye buskapen
ølrøyk, m. – tunn, blåaktig varmedis
ømne, n. – materiale, tilfang
ønje, v. – få ungar (om pattedyr)
ørje, v. – tale i ørska
ørmekt, f. – trøyttleik
ørvønle, adj. – vanskeleg, tungt
øsje, f. – oval ask med lok
øtå, v. – eta (*et, åt, ete*)
øye (se), v. – klage
øygle, v. – kikke, sjå til sidene
øygne, v. – få auge på noko langt borte
øyle, adj. – flaut
øysle, v. – fråtse, bruke meir enn naudsynt

Å

å, f. – elv (*åe - æa - æan*)
åband, n. – tverrband mellom meisane i ein kløvsal
åbryin, adj. – svartsjuk, sjalu
åder, m. – beskjed
åfløyme, v. – overdrive
ågåle, adj. – veldig (jmf. nale)
ålbøje, – m. – olboge (pl. **ålbågå**)
ålætin, adj. – grådig, karre til seg
åmå (på), v. – minne (på), seie i frå
ålmanvæg, m. – hovudveg i bygda
åmåfe, – prep. – ovanfor
ånås, v. – bry seg om
åpål, m. – epletre
åre, m. – grue, eldstad
årestøgu, f. – hus utan pipe, med ljore
åt, n. – insekt som er plagsomme for husdyr
åv, prep. – av (i tydinga knekt – *bòlten va tvers åv*)
åvlåtin, adj. – utan mjølk før kalving (om kyr)